



Sakshandsamar:
Jan Tore Rosenlund
E-post: jan.tore.rosenlund@sfj.no
Tlf.: 91674735

Vår ref.
Sak nr.: 16/2980-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
10097/16

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 18.03.2016

Notat

Frå: Jan Tore Rosenlund

Til: Einar Ulla, SEK

Kopi til: Tore Eriksen, FRM
Paal Fosdal, FRM

Forvaltningsrevisjon (2010) - Byggeprosjekt - oppfølging av tilrådingar

Det vert vist til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 54/14 og 33/15. Bygge- og eigedomssjefen vil her gi melding om status for oppfølging av tilrådingane i pkt 2-5 i forvaltningsrevisjonen sin rapport knytt til gjennomføring av byggeprosjekt.

Dei aktuelle punkta i rapporten var:

2. *I større grad etablere system og prinsipp for risikovurdering og risikostyring av byggjeprojekt innanfor bygg og eigedom.*
3. *Definere nærare kva type avvik og storleik på avvik som gjev grunnlag for avviksrapportering innanfor bygg og eigedom.*
4. *Vurdere om det i større grad er mogleg å nytte eit felles prosjektstyringssystem, og etablere meir formelle rutinar for prosjektstyringa.*
5. *Vurdere om samla rutineverk for anskaffingar innanfor bygg og eigedom i tilstrekkeleg grad sikrar at anskaffingar blir gjennomførte og dokumenterte i samsvar med regelverket.*

Bygge- og eigedomssjefen gav i e-post til sekretariatsleiar den 17.august i 2015 ei tilsvarande orientering. Slik det då vart orientert om hadde bygge- og eigedomstenesta starta eit arbeidet med å implementere eit felles KS system som betre kunne sikre prosjektgjennomføring i lys av dei tema som forvaltningsrapporten tilrådde i pkt 2-5. Systemet er utarbeida av Fylkeskommunalt eigedomsforum (FEF) og vert i dag nytta av fleire fylkeskommunar

Arbeidet med implementeringa har gått seinare enn planlagt, noko som vesentleg skuldast at den sentrale omlegging av datasystemet frå leverandør vart forsenka. Det oppgraderte systemet var ikkje



klar på ny digital plattform til dei respektive fylkeskommunar før medio desember 2015 og vi fekk først den 07.01.16 lagt inn alle prosjektleiarar med brukartilgang til systemet.

Etter dette har tenesta arbeidd aktivt med å gjennomgå systemet, tilpasse det våre eksisterande rutinar samt testkøyre det på nokre prosjekt. Det er utpeika ein intern prosjektleiar som KS ansvarleg på systemet. Vedkommande har delteke på møte i FEF si nasjonale arbeidsgruppe for dette område og er no fast medlem av den arbeidsgruppa. Tenesta har vidare gjennomført felles møter med systemgjennomgangar for å oppnå felles forståing, kjennskap og drøftingar omkring innføring av systemet.

Det nye KS systemet fungerer som ein databank der ein, med grunnlag i det einskilde prosjekt sin storleik og kompleksitet, utarbeidar ein overordna kvalitetsplan for gjennomføring. Fleire av dei sentrale tema som pkt 2-5 i forvaltningsrevisjonen tilrår, vil etter vårt syn med dette få ei betre og sikrere handsaming. Som nokre døme relatert til dei einskilde punkta i revisjonsrapporten kan vi nemne:

2. I større grad etablere system og prinsipp for risikovurdering og risikostyring av byggeprosjekt innanfor bygg og eigedom.

Det vert i kvart nytt prosjekt utarbeida ein SHA-plan ut frå mal til KS-plan. SHA-koordinator for dei ulike byggefasane vert utnemnt av prosjektleiar. Prosjektleiar er og ansvarleg for oppgåvefordeling i samsvar med "Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser" (byggherreforskriften). SHA-koordinator har ansvar for gjennomføring av oppdraget i samsvar med ovan nemnte forskrift. I KS-planen blir det oppretta oversikt over byggeplass og sjekklister for SHA. Her skal aktuelle risikofaktorar vurderast og tiltak beskrivast. SHA er fast punkt på møter i prosjektet og ev. avvik og ikkje ynskjelege hendingar vert rapportert med tiltak. Framdriftsplanen blir knytt til SHA-planen og naudsynte sikker jobb analysar vert utarbeida ut frå framdrifta på byggeplassen. KS-planen tek og føre seg rutinar for innmelding av feil og manglar når prosjektet skal overtakas og overført til driftsfasen.

Økonomisk og fagleg risikostyring er omhandla i KS-planen for både skissefase og prosjekteringsfasen. Dette t.d. med rutinar for utforming av kostnadsoverslag, byggebudsjett, evaluering av førre fase og sluttdokumentasjon av den einskilde fase i prosjektet. Endringar og tillegg i sjølve byggeperioden vert handtert i samsvar med gjeldande rutinar (jf kontraktsvedtekter og norsk standard).

3. Definere nærare kva type avvik og storleik på avvik som gjev grunnlag for avviksrapportering innanfor bygg og eigedom.

Revisjonsrapporten stadfestar at gjeldane rutinar i hovudsak sikrar tilstrekkeleg informasjon om utviklinga i prosjekta. Krav til avviksrapportering ligg i gjeldane regelverk og kan ikkje talfestast. Avvik som vert avdekket i byggeperioden blir kontinuerleg følgt opp av SHA-koordinator og rapportert vidare. Vidare vert naudsynte tiltak for å unngå fleir avvik av same type rapportert og følgt opp i byggemøter. KS-planen tek og føre seg rutinar for innmelding av feil og manglar når prosjektet skal overtakast og overført til driftsfasen.

Økonomiske og framdriftsmessige avvik er knytt til vedtekne budsjetttrammer og inngåtte kontraktar. Bygge- og eigedomstenesta har i dagens etablerte rutinar fleire system og dialogfora der ev avvik skal fangast opp. Dette er t.d. regulert i entreprisetraktar med

kontraktsvilkår, gjennom rapportering i prosjektmøter samt gjennom rapportering i interne budsjettgruppemøter og dialogmøter.

4. *Vurdere om det i større grad er mogleg å nytte eit felles prosjektstyringssystem, og etablere meir formelle rutinar for prosjektstyringa.*

Bygge- og eigedomstenesta har no ved innføringa av FEF KS-plan (<http://www.fef-kvalitetsplan.no/>) supplert gjeldane internrutinar på ein måte som pr no vert vurdert som dekkande for sikker gjennomføring av byggeprosjekt i fylkeskommunal regi. Alle prosjekt vert rangert ut frå størrelse og type.

- Full KS-plan for større og kompliserte byggeprosjekter
- KS plan enklare tiltak utan rammeavtaler
- KS plan vedlikehaldstiltak med rammeavtaler

KS-plan er nå innarbeida i BET sin oppfølging av eiga rolle i alle byggjeprojekt og vert rapportert i kontormøter, samt ved intern gjennomgang og oppfølging av investeringsprosjekta. Prosjektleiaren er ansvarleg for at KS-planen blir følgt opp.

5. *Vurdere om samla rutineverk for anskaffingar innanfor bygg og eigedom i tilstrekkeleg grad sikrar at anskaffingar blir gjennomførte og dokumenterte i samsvar med regelverket.*

I KS-plan er det sett opp rutinar for sakshandsaming ved dei ulike typar anbodskonkurransar i høve gjeldane regelverk. I tillegg har bygge- og eigedomstenesta og innkjøpstenesta eigne malar for nokon av rutinane, t.d. protokoll for anskaffing og opningsprotokoll (sjå døme vedlagt). Vi har førebels vurdert eige malar som meir tenlege og nyttar desse som ein eigen tilpassa del av KS-planen. Bygge- og eigedomstenesta har og tett samarbeid med innkjøpstenesta når det gjeld å sikre at anskaffingar blir gjennomført og dokumentert i samsvar med regelverket. Dette er og regulert våre oppdragsbrev. Alle innkjøp vert dokumentert i arkivsystemet ESA. Samla rutineverk for anskaffingar vert derfor vurdert som tilfredsstillande for å sikre dokumenterte innkjøp i samsvar med regelverket.

Bygge- og eigedomstenesta vil fortsette arbeidet med å implementere FEF KS-plan. Arbeidet er krevjande med omsyn til å vurdere rette og godt tilpassa rutinar i høve det einskilde prosjekt sin kompleksitet og risiko.

Bygge- og eigedomssjefen meiner systemet tilfredsstillar dei tilrådde forbetringar forvaltningsrapporten i si tid peika på og at såleis denne revisjonssaka no kan lukkast.